



Kristi Gundersen  
Radøyvegen 1344  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2092 - 15/14642

Saksbehandlar:  
Kjetil Morken  
kjetil.morken@radoy.kommune.no

Dato:  
09.12.2015

## Ønske om gåve til avlastingsbustaden

Syner til brev der du ber om at verdi av din pensjonistgåve vert gjeven til Hannesvegen Avlastingsbustad.

Rådmannen gjer deg honnør for ønskje om å donere verdiar til avlastingsbustader, og ser at dette fortel mykje om ditt sterke brukarfokus i di teneste for Radøy kommune.

Det er fleire sider ved slike saker og rådmannen har ut frå ei totalvurdering laga ein praksis der det ikkje er opna for å donere verdi av gåver ein får som arbeidstakar til andre formål. Dette mellom anna med onsyn til dei arbeidstakarane som ønskjer å ta mot gåva frå arbeidsgjevar .

Radøy kommune vil gjerne overrekke deg denne gåva på ei felles samling, som omtala tildegare, den 20/01 2015 eller syte for overlevering av krystallvasen heim til deg ved eit seinare høve dersom du ikkje har høve til å delta på samlinga 20/1 2016

Med helsing

Kjetil Morken  
personalsjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Kristi Gundersen

Radøyvegen 1344 5936

MANGER

